

Befolkningsvarsling

Bømlo kommune ønskjer å nå flest mogleg med telefonvarsling og nyttar difor eit system kalla UMS Befolkningsvarsling. Dette er ei varslingsteneste der innbyggjarane får melding ved hjelp av tekst-melding på mobiltelefon (SMS) og/eller oppringing til fasttelefon og mobiltelefon.

Korleis sjekkar og eventuelt endrar du opplysningane dine?

Via nettsida www.servicevarsling.no kan du sjekke og eventuelt endre opplysningar og/eller legge til telefonnummer.

Nettsida ser slik ut:



Du klikkar i det gule feltet der det står *Sjekk din oppføring.*

Då kjem dette bildet fram:

Skriv inn *Bømlo* i feltet for kommune (merka med talet 1). Skriv deretter inn mobiltelefonnummeret ditt i feltet for telefonnummer (merka med talet 2). Du må ha mobiltelefonen tilgjengeleg fordi du vil få ein kode tilsendt som du skal bruke.


Deretter klikkar du i feltet for *kontaktperson for bedrift*, men berre dersom dette gjeld ei bedrift. Er du privatperson, så er allereie dette merka av.

I feltet ved sida av der det står bokstavar eller tal (merka med talet 3), skal du skriva inn dei bokstavane eller tala du ser.

Deretter trykker du på den gråe knappen *Hent pin-kode* (merka med talet 4).

Når du har klikka på knappen med teksten *Hent pin-kode*, så kjem bildet (til høgre) fram.


Du vil få ein sms, med avsendar CDM. Skriv inn i feltet (merka med talet 5) den pinkoden du fekk tilsendt på sms. Klikk deretter på den grå knappen der det står *Login* feltet (merka med talet 6).



Når du har gjort dette så kjem den folkeregistrerte adressa di fram.

Har du fleire telefonnummer registrert på deg, så vil det komme fleire linjer med adressa di. I dømet under er det øvste telefonnummeret registrert som hemmeleg, og då kjem det ikkje fram namn i det grå feltet – berre adressa i det kvite feltet. Det andre telefonnummeret som er registrert på personen kjem med namn i det grå feltet og adressa i det kvite feltet. Dersom ingen av telefonnummera var hemmeleg ville det stått namn i begge dei grå felta.

Når adressa er den same i begge felta, så er det likegyldig kva adresse du velger - trykk på knappen der det står *Select Adress* (merka med talet 7).




Etter at du har klikka på knappen *Select Adress* så vil du få eit bilde som visar namnet ditt, telefonnummer som er registrert, den folkeregistrerte adressa di, og plassering i kart.

Dersom opplysningar ikkje stemmer så skriv du inn dei rette opplysningane om deg sjølv, og det same dersom du skal leggja til eit telefonnr. Hugs å trykka på knappen *oppdater nummer*.

Skal du leggja til fleire adresser du skal motta melding for, så velg den grønne knappen *Legg til adresse*.

Du må sjølv leggja inn det / dei telefonnummer du vil skal bli varsla. Hugs å klikke på knappen *Oppdater nummer*.




Andre organisasjonar, som t.d. Feiartenesta i Bømlo, BVA (Bømlo Vatn og Avløp) hentar også opplysningar for utsending av deira meldingar frå det same registeret.

Etter du har gjort endringar, klikk *Logg ut*.

NB: Dersom du klikkar på knappen *Slett oppføring*, så vil du ikkje motta befolkningsvarsling frå Bømlo kommune, men heller ikkje frå til dømes Feiartenesta i Bømlo eller BVA.

Mottak og svar på sms som gjeld varsling frå kommunen

Når kommunen sendar ut sms så vil avsendar vera **BOMLO**.




Når du opnar meldinga kjem det ein tekst med informasjon. Som del av teksten kan det t.d. stå: *Send svar med kodeord BOMLO og skriv så namnet ditt. Send meldinga til 41768000.*

Når du skal svara på meldinga så er det forskjellig framgangsmåte alt etter kva type telefon du har.

iPhone:

Trykk lenge på telefonnummeret som er oppgitt du skal svara til, og

du får fram forskjellige alternativ, m.a. alternativet *send melding* – som du velger.



Android:

Trykk med eit raskt klikk på telefonnummeret som er oppgitt du skal svara til, og du får fram forskjellige alternativ, m.a. alternativet *send melding* – som du velger.

«Vanleg» mobiltelefon (ikkje smarttelefon):


Lag ny kontakt med nummeret som er oppgitt i meldinga. Lag ny melding og vel mottakaren du har oppretta eller skriv inn telefonnummeret 41716800 i mottakarfeltet.

Vidare forklaring er likt for alle typar mobiltelefon:

Når du har fått nummeret 41768000 i mottakarfeltet så skriv du inn kodeordet **BOMLO** som det første du skriv i tekstfeltet, og deretter skriv du inn namnet ditt og evt meldings-tekst.


Deretter sender du meldinga til 41716800.

Dersom meldinga går tilbake til kommunen vil du få ei stadfesting:



Dersom du t.d. skriv feil kodeord, så vil du få ei feilmelding:

Får du feilmelding så prøv igjen å senda meldinga, og hugs å starta med å skriva kodeordet **BOMLO**.



Meir informasjon om befolkningsvarsling

UMS befolkningsvarsling kan både brukast på bestemte adresser eller områder, og gjer oppslag i fleire register: Folkeregisteret, kommunen sitt eigedomsregister og kontaktregisteret for offentleg forvaltning. Kvaliteten på varslingssystemet avheng av at det til ei kvar tid er oppdaterte og korrekte telefonnummer registrert frå alle husstandar og bedrifter i kommunen.

Meldinga som vert sendt ut går til telefonar i eit geografisk område, og vil gå til alle telefonar som er registrert i kvar husstand eller bedrift. Det betyr at du som oppheld deg i eit anna geografisk område enn der du er folkeregistrert ikkje vil få melding som gjeld området du oppheld deg i. *(Døme: Du er på Våge på motorcrossbanen. Det skjer ei hending der som medfører at det vert sendt melding til dei som bur i Våge-området. Du har folkeregistrert bustadadresse Moster. Du vil difor ikkje få denne meldinga fordi meldinga går berre til dei med folkeregistrert adresse på Våge.)*

Hemmelege telefonnummer

Adressedatabasen fangar ikkje opp personar med hemmeleg nummer, noko som betyr at desse ikkje mottek varsling med dagens system. Du som har hemmeleg nummer og ønskjer varsling, kan registrere deg på www.servicevarsling.no.

NB: Ditt hemmelege telefonnummer vert framleis halde hemmeleg for alle andre.

Telefon registrert på arbeidsgjevar

Merk at dersom telefonen din er registrert på arbeidsgjevar, må du sjølv leggje denne til på folke-registeroppføringa di for å få varsling på hendingar på heim eadressa. Her kan du også registrere deg på ei adresse du ikkje er folkeregistrert på, dersom du for eksempel ønskjer å få varsel ved hendingar som vedgår fritidseigedom, studentbustad eller liknande.

Viktig med oppdatert kontaktinformasjon

For at du som innbyggjar i Bømlo kommune skal ha best mogleg nytte av dette varslingssystemet, er det viktig at du kontrollerer at opplysningar knytt til dine og din husstand sine telefonnummer er korrekte. Difor oppmodar me deg til å gå inn på nettsida <http://www.servicevarsling.no> der du finn ut om du står oppført med korrekt telefonnummer, og eventuelt gjere naudsynte rettingar. Du er sjølv ansvarleg for at dine oppføringar av telefonnummer er korrekt.

Du finn rettleiing for kontroll/ending/vedlikehald av opplysningane dine på Bømlo kommune sine heimesider www.bomlo.kommune.no og i denne faldaren.

Treng du ytterlegare hjelp til registrering eller vedlikehald av telefonnummer kan du kontakta **Kundetorget** i rådhuset på telefon **53 42 30 14**.